

Hallo i nedslagsfeltet!

Eksamen nærmar seg med stormskritt, og i skrivande stund er det berre 18 dagar til juleferie! Akkurat no arbeidar eg med ei praktisk-metodisk eksamensoppgåve. Eg skal ha ei økt med sansemotorisk trening for barn i 6-8årsalderen med dårleg motorikk. Økta skal gjennomførast ute, så eg kryssar fingrane for at vêret spelar på lag.

I november har laget mitt treningsfri, og eg skulle egentleg ha fotballfri. Men når eg fekk tilbod om å trene med A-laget ut november kunn eg ikkje takke nei. Følar at eg har klart meg betre og betre for kvar trening, men steget opp er stort. Raskare ballbehandling, orientering i forkant og å vere tøffare i spelestilen er ting eg må arbeide med framover.

Sidan sist eg skreiv blogginnlegg har laget mitt har delteke på ein futsalcup som vi vann! Vi kom oss gjennom gruppespelet utan tap, men i semifinalen var vi likevull klart «underdog». Motstandaren var nemleg eit lag bestående av spelarar frå Toppserien. Men med stor innsats og vilje, og kanskje litt flaks, vann vi 2-1. I finalen vann vi 1-0 mot Loddefjord. Også veldig kjekt å bli kåra til beste spelar i turneringa, til tross for at eg spelte med sjukdom ☺



Som premie fekk vi sjølvstekt pokal og 3000kr. Vinnarane i herreklassa fekk same summen + eit gåvekort på 10 000,- for å delta på ein futsalcup i Barcelona. Likestilling sa du?



Vi har også byrja med futsalsesongen. Til forskjell frå vanlege cupkampar i futsal varer ein vanleg futsalkamp dobbelt så lenge, med 2x20min. Veldig hardt, sidan det ofte blir litt «hawaii-fotball» i dameklassa (herrelaga er flinkare til å spele meir taktisk). Det er dei to beste laga i kvar pulje som kvalifisera seg for spel i 1.divisjon etter jul, og vi har fått ein god start med siger 6-1 over Fyllingsdalen 1, 6-2 over Krohnsminde og 16-1 over Juristforeningen Dragefjellet. Dei to siste kampane i vår pulje skal spelast 7.desember.

I studiet har eg også fått prøvd litt andre treningsformer, som styrketrening med PT-band, skøyter, ishockey, trening i basseng og mange leikar som eg kjenner att frå oppveksten. Godt med litt variasjon i treninga!

Har også sidan sist hatt eit helgebepesøk av familien der vi feira både farsdagen og min 20årsdag på forskot med blant anna hotellfrukost, mykje god mat og utforsking av Bergen by. Og sidan eg ikkje var heime helga det var førjulsmesse, sendte mamma hjertepepperkake på pinne til meg i posten. Blir ikkje jul utan!

Og om nokon er interessert i å kjøpe ein skrapejulekalender og samstundes støtte IL Sandviken, er det berre å ta kontakt med mine foreldre. Då hadde eg blitt glad ☺ Kalendaren kostar 50kr.



Mi personlege form på ein skala frå 1-10 er i skrivande stund vurdert til: 7.3

Ellen Marie Hole